



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Lene Stavseng, 55 57 21 22

Vår dato
13.02.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/912 350
Dykkar referanse

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)
Postboks 2014
3103 Tønsberg

Høringsfråsegn - Lindås - Gnr 127 bnr 59, 91 - Mongstadbase - Utviding av tankanlegg

Saksnummer 16/4562

Vi viser til samtale med Celin Russøy Tonheim den 14. februar 2017 og sender som avtalt inn Fylkesmannen i Hordaland sine innspel.

I brev datert 16. januar 2017 vert Fylkesmannen i Hordaland gitt høve å komme med innspel til «søknad om samtykke for utvidelse av tankanlegget på Mongstad base i Lindås kommune.»

Fylkesmannen har motteke «revidert samtykkesøknad» og nokre utvalte vedlegg til høyring. Merk at nokre vedlegg er redigerte slik at tekstinnehald og figurar er fjerna. Vedlegget, «Sikkerhetsrapport Gexcon-16-A100024-RA-1 rev03, av 05.01.2017» manglar noko tekstinnehald og nokre figurar er fjerna. Fylkesmannen sine innspel er gitt med utgangspunkt i dei dokument som er sende over. Følgande innspel bør vurderast:

- Hendingar ved naboverksemder kan påverke anlegget og motsett. Grunna dette må det heilskaplege risikobiletet med risikopåverknad mellom aktørar som fell inn under meldeplikt eller «sikkerhetsrapport» plikt inne på Mongstad base etablerast. Samtidige aktivitetar som kan påverke risikobiletet bør kartleggast og behov for ev. restriksjonar identifiserast. Vi tilrår samhandling mellom aktørane i arbeidet og oppmodar om å kartlegge og vurdere tiltak som kan halde risikonivået så lågt som mogleg.
- Eit heilskapleg og felles risikobilete må gjerast kjent blant aktørane (òg driftsoperatører) og dette må vere grunnlaget for utarbeiding av beredskapstiltak og planar i verksemndene. Vidare må det òg vurderast om overordna beredskapsplan for basen skal reviderast. Det må gjerast greie for om hendingar i utvida tankanlegg påverkar rømmingsvegar eller rømming/evakuering frå bygningar.
- Det er svært mange verksemder og driftsoperatørar inne på basen og dette krev at kommunikasjon av viktig informasjon knytt til tryggleik og beredskap blir høgt prioritert. Er det t.d. fare for dominoeffektar innbyrdes mellom anlegg må dette informerast om og kommuniserast til dei aktuelle aktørane. Dette må òg vere ein del av informasjonen som blir gitt lokale beboarar, verksemder og kommunar.



Vi viser til vedlegg som omhandlar vurdering mot forskrifter for konsekvensutgreiing.
Planarbeidet hamner inn under § 3 -planer som skal vurderast nærmare etter vedlegg III. Det er utført ei vurdering og konkludert med at dette anlegget ikkje skal konsekvensvurderast.
Fylkesmannen sluttar seg til utgreiinga og har ikkje innspel knytt til denne vurderinga.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Lene Stavseng
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.